



Utval:	<b>Helse- og omsorgsutval</b>
Møtestad:	Møterom, Midsund Omsorgsenter
Dato:	26.01.2017
Tid:	15:00

Vi minner om reglane i kommunelova om møteplikt og lovleg forfall, og rett til fri frå arbeid. Forfall med grunngjeving må meldast snarast på telefon 71270500. Varamedlemar skal ikkje møte utan særskilt innkalling. Dersom det er behov for meir informasjon i sakene, ta kontakt med rådmann før møtet. Innsyn i ikkje utsendte saksdokument kan du få ved å henvende deg til servicetorget. Nye forslag/endringsforslag bør vere utforma på førehand for å sikre betre møteeffektivitet. Eventuelle habilitetsspørsmål bør avklarast med ordføraren før møtet.

### SAKSLISTE

Saksnr	Innhald	Arkivsaknr
PS 17/1	Godkjenning av protokoll Referatsaker	
PS 17/2	Legevaktsamarbeid - Krav om fast lønn i tidsrommet kl 23:00 - 08:00	2017/4
PS 17/3	Søknad om serverings- og skjenkeløyve - Midsund Marina	2016/498

Midsund 23.01.2017

Lars Joar Hagseth  
Leiar

  
Malvin Gjendem Bjørnerem  
Utvalsesekretær

## **PS 17/1 Godkjenning av protokoll**

### **Referatsaker**



**Midsund kommune**  
Rådmannen

Arkivsak: 2017/4-1

Arkiv:

Saksbeh: Ketil Ugelvik

Dato: 06.01.2017

**Saksframlegg**

**Legevaktsamarbeid - Krav om fast lønn i tidsrommet kl 23:00 - 08:00**

Utvalsak	Utval	Møtedato
17/2	Helse- og omsorgsutval	26.01.2017
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

**Forslag til vedtak:**

1. Midsund kommunestyre godkjenner protokollen frå forhandlingane 24.11.2016.
2. Legane sitt krav om fastlønn i tidsrommet vert imøtekome, i tråd med § 9 i SFS 2305 og vert gjeldande frå 01.09.2016.
3. Dei auka utgiftene ( 330.000 kroner/år) skal dekkast inn ved omdisponering innan budsjettet for helse og omsorg.

**Saksutgreiing:**

**Bakgrunn:**

Hovudtillitsvald for legane i kommunane Aukra, Midsund og Sandøy, Thomas Rakvåg, bad i brev av 16.06.2016 om reforhandling av avtalen om drift av interkommunal legevakt for dei same kommunane. Skrivet ligg ved saka som vedlegg.

Den 16.august 2016 møttes legane i legevaktsamarbeidet administrativ og politisk leiing i kommunane. Møtet vart halde på kommunehuset i Sandøy.

Grunna forskriftsendingar og pågåande endring av kommunestrukturen, der kommunane Midsund og Sandøy har vedteke at dei skal inn i hhv nye Molde kommune og nye Ålesund kommune, kom ein fram til at 30.04.2018 ville vere eit naturleg skjeringspunkt for opphør/inntrede i eventuelt nye legevaksordningar. Seinare i år vil det difor bli fremma eiga sak om korleis legevakta skal drivast vidare.

### **Krav om fastlønn:**

Denne saka handlar om kravet om fastlønn i tidsrommet frå kl 23.00 - 08.00.

Den 24.11.2016 vart det halde forhandlingsmøte i Midsund, viser til vedlagt protokoll. Kravet frå legane var av ein slik størrelse at rådmennene vart einig om at saka måtte leggjast fram for dei respektive kommunestyra for endeleg avgjerd.

### **Litt fakta:**

Legevaksamarbeidet er frå 1985 og legevakta er 7-delt. Utgiftene blir fordelt etter fordelingsnøkkel basert på folketal:

Aukra 50 %  
Midsund 30 %  
Sandøy 20 %

### **Endring av føresetnadene for drift av legevakta:**

Ny fastlegeforskrift trådte i kraft 01.01.2013 med krav om auka tilgjengelegheit innebar at alle legekontora i vårt legevakt-distrikt har innført «time på dagen ordning». Ei følgje av dette er drastisk reduksjon av talet på henvendingar til legevakta. På kvardagar er det ofte slik at det ikkje blir ein einaste konsultasjon på legevakta – kun beredskap. Inntekta frå legevakt er basert på eigendel frå pasientane og refusjon frå Helfo, i tillegg har legane ei beredskapsgodtgjersle på kroner 110 per/time på kvardagar og kroner 152 per time på helg.

01.05.2015 kom det ei ny akuttmedisinforskrift der kompetansekrava til lege i vakt vil få konsekvensar for oss. Ei følgje er at turnuslege ikkje oppfyller krava for å gå sjølvstendige vakter lenger og ein må innføre bakvaktordning. I praksis kan det føre til at ein får 4-delt vakt med bakvakt, eventuelt kjøp av bakvakt frå andre legevaksamarbeid. Dei nye krava skal vere innfridd innan 01.05.2018. Bakvaksordning fører til større belastning på dei som kjører legevakt og auka utgifter.

Forhandlingane med hovudtillitsvald for legane dreidde seg om avlønning i tidsrommet frå kl 23.00 - 08.00. Kravet er utforma i tråd med § 9 i SFS 2305 – særavtale mellom KS og Den norske legeförening. Samla vil dette kravet medføre ei utgift på kroner 2.400.000 per år – ein auke på kroner 1.100.000 i forhold til gamal ordning. Etter gjeldande kostnadsfordeling vil dette utgjere årleg kroner 550.000 for Aukra, kroner 330.000 for Midsund og kroner 220.000 for Sandøy. I forhandlingane vart vi samde om at ny sats skal gjelde frå 01.09.2016.

Auka utgifter til bakvaksordning kjem i tillegg – anslagsvis kr 650.000. Her vil ein søke ekstern finansiering i tidsrommet fram til 30.04.2018.

**Vurdering:**

Legevaktsamarbeidet mellom dei tre øykommunane har i ei årrekke fungert godt. Forskriftsendringar har ført/fører til nye utfordringar med auka utgifter som konsekvens. Nytt kommunekart fører og til at det er behov for å sjå på andre ordningar/samarbeid. Dette er noko som ein må kome attende til og ny sak vil bli fremma i løpet av året.

Denne saka er mellom anna ein konsekvens av «time på dagen ordninga» som har ført til mindre bruk/pågang av legevakta og redusert inntekt for legane. I dag blir legevaktarbeidet godtgjort med same timesats på ettermiddag/kveld og nattestid. Kravet gjeld størrelsen på timesatsen nattestid, og denne satsen er fastsett i inngått særavtale mellom KS og Den norske legeförening. Dette er slik sett ikkje så mykje å diskutere. Rådmannen vil difor rå til at kravet blir imøtekomme og vert gjort gjeldande frå 01.09.2016. Kravet vart fremma medio juni og det er arbeidsgivar (kommunane) som av ulike grunnar ikkje fekk til forhandlingsmøte før.

Utfordringa for Midsund er korleis ein skal finne inndekning. Vi manglar buffer for å takle slike utgifter, og rådmannen ser ikkje anna mulegheit enn å foreslå å finansiere tiltaket innanfor rammene til helse og omsorg.

**Økonomiske / administrative konsekvensar:**

Tiltaket må finansierast innanfor helse og omsorg sine rammer.

Ketil Ugelvik  
Rådmann

**Vedlegg (prenta):**

Skriv frå hovudtillitsvald Thomas Rakvåg.  
Protokoll frå forhandlingane 24.11.2016.

**Vedlegg (uprenta):**

SFS 2305

**Særutskrift går til:**

Thomas Rakvåg, Helsesenteret, Bukthaugvegen 2, 6475 Midsund  
Aukra kommune  
Sandøy kommune

Kopi

Dr. Thomas Rakvåg  
Hovedtillitsvalgt for legene i Aukra, Midsund og Sandøy  
Midsund helsesenter  
Bukthaugvegen 2  
6475 Midsund

MIDSUND Helse	
21 JUN 2016	
Saksnr	2016/ 325
J nr	1
V nr	026

Til de respektive helsesjefer i Aukra-, Midsund- og Sandøy kommune.

Midsund, 16.06.2016

## REFORHANDLING AV LEGEVAKTSAVTALE OG VIDERE DRIFT AV INTERKOMMUNAL LEGEVAKT FOR AUKRA, MIDSUND OG SANDØY

Jeg skriver dette brevet til dere i form av min funksjon som hovedtillitsvalgt for legene i Aukra, Midsund og Sandøy. Grunnet til at jeg skriver brevet er at forutsetningene for å kjøre legevakt har endret seg drastisk de siste årene, det har kommet en ny akuttmedisinforskrift, og det er potensielt endringer i kommunekartet i ikke altfor fjern fremtid som kan få betydning for videre drift av legevakten. Vi leger ber derfor om å få reforhandlet avtalen, og at kommunene tar stilling til hvordan legevakten skal drives videre.

### Endrede forutsetninger for vakt:

Etter at den nye fastlegeforskriften trådte i kraft 01.01.2013 med de krav som innebar økt tilgjengelighet har alle legekantorene i våre respektive kommuner lagt om til "time på dagen". Dette har hatt en merkbar konsekvens for antall henvendelser på legevakt som har falt drastisk. På hverdager er det nå ofte at legene ikke har konsultasjoner på legevakt i det hele tatt, men sitter kun i beredskap. Inntekt på legevakt er basert på egenandeler fra pasienter og refusjon fra Helfo, i tillegg har legene beredskapsgodtgjøring på 110kr/time på hverdager og 152kr/time på helg. Tidligere var det egenandeler og refusjon som utgjorde mesteparten av inntekten, men dette har nå altså endret seg. (falt bort)

I tilsvarende vakt samarbeid (øykommuner) både her i fylket i nabofylke nord for oss, så har legene i vakt beredskapsgodtgjøring fra hver enkelt kommune som er med i vakt samarbeidet. Dette ville ført til en godtgjøring for legene som er tre ganger så høy som i dag.

### **Ny akuttmedisinforskrift:**

01.05.2015 kom det en ny akuttmedisinforskrift. Det er særlig kompetansekravet til lege i vakt som har betydning for vårt vaksamarbeid. Viser til §7 i den nye akuttmedisinforskriften:

#### **§ 7. Kompetansekrav til lege i vakt mv.**

En lege kan ha legevakt alene, uten kvalifisert bakvakt, når vilkårene i bokstav a eller bokstav b er oppfylt:

a) Legen har godkjenning som spesialist i allmennmedisin og har gjennomført kurs i volds- og overgrepshåndtering.

b) Legen har godkjenning som allmennlege etter § 3 første ledd bokstav a, jf. § 8 eller § 11 fjerde ledd, i forskrift 19. desember 2005 nr. 1653 om veiledet tjeneste for allmennleger, eller § 10 i forskrift 8. oktober 2008 nr. 1130 om autorisasjon, lisens og spesialistgodkjenning for helsepersonell med yrkeskvalifikasjoner fra andre EØS-land eller fra Sveits. Legen må ha gjennomført 40 legevakter, eller ha arbeidet ett år som allmennlege i den kommunale helse- og omsorgstjenesten. Legen må i tillegg ha gjennomført kurs i akuttmedisin og volds- og overgrepshåndtering.

Kommunen plikter å etablere bakvaktordninger for leger i vakt som ikke oppfyller kravene i første ledd. Kompetansekravene i første ledd gjelder tilsvarende for leger som skal ha bakvakt. Bakvaktlege må kunne rykke ut når det er nødvendig.

Dersom det ikke er mulig for kommunen å skaffe leger som oppfyller kompetansekravene, kan fylkesmannen gjøre unntak fra kravene i første ledd. Det kan bare gjøres unntak for leger som tiltrer i vikariater av inntil to måneders varighet og som har gjennomført minst et og et halvt års veiledet tjeneste etter forskrift 19. desember 2005 nr. 1653 om veiledet tjeneste for allmennleger § 4. Det kan ikke gjøres unntak for leger som skal ha bakvakt.

Kort sagt medfører dette at turnusleger ikke fyller kravene for å gå selvstendige vakter lenger, de må ha en kvalifisert bakvakt. Bakvakt må kunne rykke ut når det er nødvendig. I dag er kravet at turnusleger skal ha muligheten til å rådføre seg pr. telefon med annen allmennlege, men det foreligger ikke noe krav om at annen lege må kunne rykke ut. I praksis vil dette medføre en overgang fra 7-delt vakt til 4-delt vakt for de faste allmennlegene. Det er en overgangsperiode på 3 år før disse nye kravene skal være innfridde dvs. innen 01.05.2018.

### **Endringer i kommunekartet:**

Viktig at kommunene får avklart hvordan legevakten for Aukra, Midsund og Sandøy skal se ut i fremtiden. Skal man fortsette som i dag eller skal man koble seg til større interkommunale legevakter, evt. andre alternativer?

**I dag (2016) (inkludert trygghetstillegg):**

Totalt: 1.300.000kr/år

Aukra: 650.000kr/år

Midsund: 390.000kr/år

Sandøy: 260.000kr/år

**Ved fastlønn mellom 23.00 - 08.00:**

Totalt: 2.400.000kr/år

Aukra: 1.200.000kr/år

Midsund: 720.000kr/år

Sandøy: 480.000kr/år

**Bakvakt:**

Anslagsvis 650.000kr/år

(basert på 150 vakter pr. år. 105 hverdager og 45 helgedager)

Aukra: 325.000kr/år

Midsund: 195.000kr/år

Sandøy: 130.000kr/år

Jeg ber om at dere tar dette videre til deres respektive rådmenn og ordførere, og at det organiseres et møte hvor ordførere, rådmenn, helsesjefer og kommuneoverleger i de respektive kommunene møter.

Jeg ber om en avklaring på vårt krav innen 01.09.2016.

Mvh



Dr. Thomas Rakyåg

Hovedtillitsvalgt

e-post: [kommuneoverlegen@midsund.kommune.no](mailto:kommuneoverlegen@midsund.kommune.no)

Telefon: 712 70 550

Mobil: 412 10 851

*Vedlegg:*

*1. SFS 2305 for perioden 01.01.2016 – 31.12.2017, kommunelegeavtalen mellom KS og Den norske legeforeningen.*





## Protokoll etter møte med Legeforeningen og kommunane Aukra, Midsund og Sandøy.

For den norske Legeforening møtte: Tillitsvald Thomas Rakvåg.

For kommunane møtte:

Rådmann Ingrid Husøy Rimstad, Aukra kommune

Rådmann Ketil Ugelvik, Midsund kommune

Rådmann Ann-Heidi Paulsen Orvik, Sandøy kommune.

Møtet vart halde på Midsund omsorgssenter torsdag den 24.11.2016.

### Bakgrunn:

I skriv av 16.06.2016 ba tillitsvald for legane i legevaktsamarbeidet Aukra, Midsund og Sandøy om reforhandling av legevaktsavtalen frå 1985. Dette med bakgrunn i endra føresetnader for legevakt og endringane i kommunekartet frå 2020.

Det vart halde møte i Sandøy kommune den 16.august d.å. Der vart vi einige om at samarbeidsavtalen frå 1985 skulle oppdaterast/justerast og ein hadde som siktemål at denne avtalen skulle stå ved lag fram til 01.05.2018. Ny fastlegeforskrift (2013) har ført til auka tilgjengelegheit -alle kommunane har «time på dagen ordning» noko som fører til mindre pågang/bruk av legevakt, samt ny akuttmedisinforskrift med auka kompetansekrav til lege i vakt, vil føre til krav om bakvaktsordning. Når det gjeld bakvaktsordninga har ein ei overgangsordning på tre år før krava i forskrifta skal vere innfridd.

### Protokoll:

Kommunane er einige om at det ikkje er aktuelt med etablering av eit nytt interkommunalt legevaktsamarbeid i ein situasjon der to av kommunane har gjort vedtak om å gå inn i nye kommunar frå 1.1.2020.

Partane var einige om at avtalen frå 1985 med endringar vert prolongert og gjeld fram til 30.04.2018.

Vidare legg ein til grunn at auka utgifter til bakvaktsordninga vert dekt gjennom ekstern finansiering.

Hovudpunktet i forhandlingane :

### Krav om fastlønn mellom kl 23.00 -08.00 når ein kjører legevakt.

Samla vil kravet utgjere ein årleg total kostnad på 2.400.000 kroner for legevaktsamarbeidet -fordelt med kroner 1.200.000 /år for Aukra, kroner 720.000 /år for Midsund og kroner 480.000 /år for Sandøy. Dette vil gi ein årleg auke i forhold til dagens ordning med **kroner 550.000** for Aukra, **kroner 330.000** for Midsund og **kroner 220.000** for Sandøy.

Dette er beløp/summar som er utanfor rådmennene sine fullmakter og partane var einige om at kommunestyra i dei tre kommunane får ta stilling til kravet. Det vert difor laga sak som skal behandlast i alle tre kommunane i løpet av februar 2017.

Ny sats vert gjort gjeldande frå 01.09.2016 og fram til 30.04.2018.

I løpet av hausten 2017 tek kommunen stilling til korleis framtidig legevakt skal organiserast.

Midsund den 24.11.2016

Ann-Heidi P.Orvik  
Rådmann Sandøy

Ketil Ugelvik  
Rådmann Midsund

Ingrid H Rimstad  
Rådmann Aukra

Thomas Rakvåg  
HTV Legeforeningen



**Midsund kommune**  
Servicekontoret

**Arkivsak:** 2016/498-5  
**Arkiv:** U63  
**Saksbeh:** Astrid Abelseth  
**Dato:** 19.01.2017

## Saksframlegg

### Søknad om serverings- og skjenkeløyve - Midsund Marina

Utvalsak	Utval	Møtedato
17/3	Helse- og omsorgsutval	26.01.2017

#### Forslag til vedtak:

Det kan ikkje gjevast eit fleksibelt skjenkeløyve for enkelt anledningar. Midsund Marina må søkje særskilt om skjenkeløyve for kvart enkelt arrangement. Jf Alkohollova § 1-6 andre, ledd andre punktum.

#### Saksutgreiing:

Midsund Marina v/Jarle Sanden har rettidig sendt inn klage datert 30.11.2016 på vedtak (utvalsak 16/25 Helse- og omsorgsutval) 16/89 Kommunestyret 10.11.2016) der Midsund Marina fekk avslag på alminneleg skjenkeløyve. I klagen kjem det fram ei presisering om at det var søknad om skjenkeløyve ved enkeltarrangement, ikkje søknad om alminneleg skjenkeløyve. Bakgrunnen for søknaden var eit ynskje om eit meir fleksibelt opplegg der dei kunne ta omsyn til andre aktørar som Kroa og Neste slik at om arrangement kolliderer med andre ynskjer Midsund Marina ein fleksibilitet slik at tidspunkt kan forandrast utan at dei må søkje på nytt. Midsund Marina ynskjer å arrangere 4-5 arrangement pr år.

#### Vurdering:

Søknaden må sjåast på som søknad om eit ordinært kommunalt løyve avgrensa for eit enkelt arrangement, jf Alkohollova § 1-6 andre ledd, andre punktum «for en enkelt bestemt anledning». I dei tilfella der kommunen gjev løyve for enkeltarrangement, følgjer det av begrepet «bestemt» at det må gå klart fram av løyvet når det startar og når det opphøyrer. Det må gjevast særskilt løyve for kvart enkelt arrangement, det er til hinder for eit fleksibelt løyve som det her er søkt om.

Kva som er ein enkelt bestemt anledning må avgjerast konkret i kvart enkelt tilfelle. Det avgjerande er om arrangementet framstår som eit klart avgrensa arrangement. Moment i ein slik vurdering vil vere tema, tidsramme mv. Generelt kan ein seie at eit arrangement som strekk seg over periodar på 3-6 dagar kan reknast som «*enkelt anledning*».

Søknad om skjenkeløyve for enkeltanledning skal innehalde ein beskrivelse av driftskonsept, oversikt over målgruppe, tidsavgrensningar, ein oversikt over kva type alkohol det vert søkt løyve for og kven som er styrar og avløyser for arrangementet. Når skjenkeløyve vert gjeve etter § 1-6 andre ledd, andre punktum i Alkohollova vert det ikkje sett krav om avlagt/bestått kunnskapsprøve, jf § 1-7c tredje ledd i same lov.

Kommunen skal føre kontroll med skjenking under avvikling av arrangement, jf Alkohollova § 1-9 første ledd.

### **Konklusjon:**

Det kan ikkje gjevast eit fleksibelt skjenkeløyve for enkelt anledningar. Midsund Marina må søkje særskilt om skjenkeløyve for kvart enkelt arrangement.

Astrid Abelseth  
Rådgjevar

**Vedlegg (prenta):** Brev frå Midsund Marina v/Jarle Sanden

**Vedlegg (uprenta):** Komplette saksmappe  
Alkohollov og Alkoholforskrift

**Særutskrift går til:** Midsund Marina  
Lensmannen i Sund, Aukraringen, 6480 Aukra  
Nordfjeldske Kontroll, 7282 Bogøyvær

Midsund kommune

Servicekontoret

2016/4.98  
4  
U63

Midsund Marina v/Jarle Sanden

Sjøslettevegen 25

Midsund 30.11.2016

## Søknad om serverings- og skjenkeløyve- Midsund Marina, Klage på vedtak.

Viser til avslag på søknad om serverings- og skjenkeløyve – Midsund Marina.

Klager herved på vedtaket da det ser ut som det har vært en misforståelse ute og går. MM vil ikke søke om alminnelig skjenkeløyve men enkeltarrangement. Grunnlaget for søknaden var at vi ville ha et mer fleksibelt opplegg der vi kunne ta hensyn til andre aktører som Kroa og Neste. Skulle våre arrangement kollidere med andre vil vi ha en fleksibilitet slik at vi kan forandre tidspunktet uten å søke på nytt. MM vil ha 4-5 arrangement pr. år i egen regi. Ved utleie til andre vil løyvet ikke gjelde. Servering til båtgjester vil kun være under tilstelninger som f.eks bryggedans, ikke permanent servering.

Når det gjelder i båtsesongen var meningen at dette skulle gjelde under Midsundfestivalen. MM skal ikke drive noen form for konkurranse med Midsundfestivalen men hvis festivalen vil leie og drive lokalene til MM under dette arrangementet må festivalen selv stå for skjenkeløyvet.

Utenom arrangement i regi av Midsund Marina skal det ikke oppbevares alkohol i lokalene.

Håper dette kan bidra til at vi kan få et fleksibelt løyve til enkeltarrangement.

For styret i Midsund Marina

Jarle Sanden  
Formann

